

Oppfølging av politiske vedtak og avviksrapportering

- Rutinar for korleis vedtak gjort av politiske organ i Sogn og Fjordane skal ekspederast og følgjast opp.
- Rutinar for rapportering av avvik i høve oppfølging av politiske vedtak.

Rutinane er utarbeidd av fylkesrådmannen og vart sett i verk i 2011.

1. Rutinar for ekspedering og oppfølging av politiske vedtak

- Utvalssekretær tek særutskrift av vedtaket og sender vedtaket / saka over til sakshandsamaren for oppfølging.
- Sakshandsamaren gjennomfører følgjande:
 - Informerer eventuelle partar om at det er gjort eit vedtak og informerer om eventuell klagerett
 - Informere andre aktuelle organisasjonar / personar som bør få informasjon om vedtaket
 - Vurderar om ein skal gi informasjon til ålmenta om vedtaket
- Når sakshandsamaren sender ut informasjon om vedtaket skal det vurderast:
 - om ein skal gi utfyllande tolking av vedtaket
 - om ein skal gi tilleggsinformasjon om til dømes praktiske tilhøve
 - om ein skal setje særskilte vilkår utover det som eventuelt står i vedtaket, dersom det er høve til det (til dømes gjennomføringsfrist)
 - om vedtaket skal ekspederast av politisk nivå eller administrasjonen.
- For plansaker gjeld følgjande rutinar:
 - for dei fleste plan - / strategisaker vert det utarbeidd eit handlingsprogram.
 - Handlingsprogrammet vert rullert årleg
 - Handlingsprogram som krev økonomiske midlar for å bli gjennomført blir prioritert gjennom dei årlege budsjetta
 - Rapportering av oppfølging skjer gjennom dei årlege årsmeldingane / årsrapportane frå fylkesrådmannen.
- Er saka ferdighandsama skal den avsluttast i det elektroniske sakshandsamingssystemet.
- Dersom saka ikkje er ferdig handsama etter at vedtaket er gjennomført skal saka stå som open i det elektroniske sakshandsamingssystemet (under "Mine saker") inntil saka er avslutta. Ein vil på den måten ha oversikt over saker som framleis er under handsaming. Leiarane og arkivet har høve til å få oversikt over saker som ikkje er avslutta.

2. Rapportering av avvik i høve gjennomføring av politiske vedtak

- Avvik av betydning i høve til gjennomføring av viktige politiske vedtak blir rapportert i tertialrapportane til hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget for den aktuelle perioden.
- Dersom avviksrapporteringa hastar vil ein rapportere om avviket i fyrste møte til det politiske organet som har gjort vedtaket.
- Samla avviksrapportering vert årleg gjort slik:
 - Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
 - Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane.